

Haust- og vinterplan 2003

Arrangement	Dato	Mnd	Ansvarleg
Musikkbasar	26.	Okt	
Julegrantenning	30.	Nov	
Øvingshelg	5.-7.	Des	
Julekonsert	21.	Des	
Juletreffest	28.	Des	
Gen.prøve Nyttårskonsert	2.	Jan	
Nyttårskonsert	3.	Jan	
Årsfest	3.	Jan	

Nytt Armèband

Fredag 17. oktober spelte Torskangerpoll Musikklag på

Frelsesarmeen sin fest i Måløy.

Det vart ein flott kveld med masse folk, fin stemning og godt humør. Ekstra artig var det å syngje til det nye husorkesteret som består av Ranveig (vokal - rytmegitar), Terje (trekkspel - nynning) og Heidi (vokal- sologitar).
Foto: Petter Lund Wåge



På kryss og tvers med VG

Prøv deg på VG sitt kryssord

VANNRETT

- 1 Se tiden an
- 5 Trykksak
- 6 Husflid-arb.

LODDRETT

- 1 Sykkelhjul-del
- 2 Trene
- 3 Jentenavn
- 4 Svulme

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 9

10. årgang

Laussal: Gratis

oktober 2003

Flott inspirasjonshelg

Eirik Gjerdevik hadde nyleg sesongens fyrste øvingshelg. Mykje ny musikk vart prøvd ut, og stemninga var god. Eit godt oppmøte og engasjement gjorde at nok ein sesong starta godt. Vi fekk utdelt mykje artig stoff som Eirik hadde teke med seg. Mange "vekkebuarar" hadde teke turen heim for å vere med å spele. Det var kjekt både for dei og for korpset. Gun Tove opna dørene så vi kunne ta vår tradisjonelle "øvingshelgsamankomst" hos henne. Det vart ei musikalsk utfordrande, men veldig kjekk helg både for John Svarstad og resten av korpset. Tekst/foto: Lina Wåge



Musikkbasar

søndag 26. okt.

www.torskangerpoll.no



Har forlova seg

Først dottera, så kom ringen. Mangeårig trufast medlem i Torskangerpoll Musikklag og nybakt pappa, John Inge Våge, har forlova seg med si kjære Vereia. Det skjedde på Veeraya Bochoun sin bursdag som var 9. oktober. Her er paret saman med sitt flotte barn, Verena VG gratulerer og er spent på kva tid paret flytter til Vågsvåg.

Masse skryt frå fornøgde stormdeltakarar

Tilbakemeldingane frå korpsa som deltok på Stormfestivalen er svært så konstruktive og positive. Fleire korps har sendt evalueringsskjema, og det er tydeleg at dei besøkande har likt seg. Vi vil komme tilbake med kommentarar frå korpsa i seinare utgåve av Vredens Gnag



Basar

Søndag 26. oktober
klokka 16.00



i Våge /Oppedal
skule

Underhaldning ved
Torskangerpoll
Musikklag
og



Holvik Skulekorps



Kafeteria,
åresal, loddosal
og
masse flotte
gevinstar på
bøkene